



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Vindafjord kommune
Eining kommunaltekniske tenester
5585 SANDEID

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **18 FEB 2010**
Vår ref.: 201000897-6 ki/kha
Arkiv: 313 /041.211
Dykkar dato: 16.2.2010
Dykkar ref.: Hildbjørg Fludal

Sakshandsamar:
Kristin Haugen
22 95 94 23

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vindafjord kommune, Skjold vassverk – Løyve til mellombels overføring av vatn frå Trolltjørn i Etnevassdraget til Stemmetjørn i kystfelt 039.2, Vindafjord kommune

Vi syner til dykkar søknad av 16.02.2010 om løyve til å mellombels overføre vatn frå Trolltjørn til Stemmetjørn.

Om søknaden

NVE mottok følgjande søknad på e-post 16.02.2010:

"På grunn av lite nedbør i lang tid, kombinert med frost, minkar det på vatnet i Stemmetjørn.

For å sikre vatn til abonnentane ved Skjold vassverk, som er kommunalt, søker Vindafjord kommune med dette om løyve til å opne/seinke avlaup frå Trolltjørn mot Stemmetjørn med om lag 0,5 - 1 meter.

Vindafjord kommune har vore i telefonisk kontakt med Trovåg Laks i dag gjeldande dette. Slik vannstanden er i Trolltjørn i dag, er det lite truleg at særlege mengder vatn renn frå Trolltjørn til Malasetvatnet. Dersom forholda vert etablert tilbake til same høgd og profil igjen, vil dette vere samsvarande med Trovåg Laks sine interesser.

Vindafjord kommune vil måle inn høgde og profil før gravearbeidet tar til.

Eigar av grunnen, Leif Gunnar Eikeland er varsla pr telefon."

Og utfyllande opplysningar i e-post av 18.02.2010:

"Det som er tenkt gjennomført er å grave med gravemaskin slik at utløpet fra Trolltjørn til Stemmetjørn blir senka slik at vatn renn frå Trolltjørn mot Stemmetjørn.

Det er etablert eit utløp her frå den tida vassverket var privat. Dette har vore opna/seinka i svært tørre periodar tidlegare. Nå er vassstanden så låg at det ikkje er nok å fjerne dei steinane og torv som er nytta som stengsle/demning.

For å senke utløpet frå Trolltjørn vert det nødvendig å bruke gravemaskin. Vi får gravemaskin på plass i dag, og ser for oss å grave i morgon.

Det har vore kaldt her sidan 18. desember. Då kom det store mengder snø, og det ligg truleg ei snøtjuknad på rundt 70 cm, kanskje meir der snøen har blåst igjen ujamnheiter i terrenget. På vatna er det is som er bortimot ein halv meter tjukk. Mange tiltak som var meir "fornuftige" er det svært upraktisk å utføre på grunn av at vatn frys og at det ikkje er lett å komme fram i terrenget.

Vi har membranreinseanlegg i Skjold, og vi har redusert reingjeringsvatnet til det som leverandøren gir som minimum, og kanskje vel det. Vi har vurdert å kutte ut reinsing, men det krev ombygging i reinseanlegget.

Vi har som et krisetiltak lagt 100 mm brannslange fra Holmavatnet til bekken som fører til Trolltjørn, men dette vatnet kjem ikkje vidare til Stemmetjørn nå. (Vart lagd 28. januar.) Vi er i kontakt med Bjordal kraftverk i denne samanheng. (Vi skulle kanskje søkt om dette, og seier oss leie for at dette ikkje er gjort, men vi har hatt ein svært travel vinter på mange måtar.)

NVE har nå mottatt søknad frå Vindafjord kommune via COWI som vi håpar vert godkjend. Då kan vi bygge permanente leidningar frå Holmavatnet til Skjold vassverk. Dette vil medføre gravearbeid i terrenget, og terrenget kan etablerast permanent igjen i dette området i denne samanheng. Vi veit ikkje kor lang tid handsaminga vil ta (søknaden vart sendt i des 2009), så tilbakeetablering når våren kjem er mest aktuelt.

Graveområdet er målt inn, slik at det skal vere mulig å etablere tilbake gjeldande profil/høgde. På grunn av flatt terreng, vil det vere aktuelt å grave ein god del. Fullstendig etablering vil det vere mest praktisk å utføre når leidningar som vert aktuelle å legge i samband med omsøkte permanente tiltak er lagde.

Tiltak for å redusere vassforbruk er vurdert og kan verte aktuelt, for fleire vassverk. Det ser ikkje ut som det er stor auke i vassforbruket på grunn av frosttapping. Vi har dei siste åra funne fleire store lekkasjar i Skjold, og har redusert vassbruket mykje. I Skjold er fleire av abonnentane våre bønder med husdyrhald som gjer dei til "sårbare abonnentar".

Vi trur ikkje at andre vert skadelidande av tiltaket vi søker om nå. Det vert verre om vi ikkje får drikkevatn til folk og fe i Skjold.

Værmeldingane framover viser ikkje permanent omslag til mildare ver, og vi vurderer å ha vatn til minst ei veker forbruk i Stemmetjørn nå."

Høyring

På grunn av det avgrensa omfang saka har er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med Fylkesmannen i Rogaland for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Fylkesmannen i Rogaland uttalar i e-post av 18.02.2010 at dei ikkje kan sjå at noen kjende allmenne miljøinteresser i vesentleg grad blir råka av tiltaket.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til midlertidige tiltak i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt ut frå samfunnsmessige interesser og er meir til gagn enn ulempe for allmenne og private interesser somvert råka, jf. vassressurslova § 25. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette føremålet.

Det har vore ein haust med lite regn og påfølgjande kald vinter vest i landet, og dette gjer at vasskjelda til Skjold vassverk i Vindafjord kommune i Rogaland står i fare for å gå tørr. Tap av vassforsyninga kan få vidtrekkande konsekvensar for gardsbruk og privatabonnentar i kommunen.

Tiltaket er omfattande med tanke på inngrepa, men vil vere avgrensa i tid og gå føre seg på eit avgrensa område.

Ved å tilbakeføre overløpet og kanalen ut frå Trolltjørn innan sommaren kan ikkje NVE sjå at overføringa er til skade for nokon kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Vindafjord kommune kan overføre vatn frå Trolltjørn til Stemmetjørn ved å senke utløpet frå Trolltjørn mot Stemmetjørn med inntil 1 meter. Tiltaket må rettast opp og førast tilbake til normalsituasjonen innan 1. juni 2010. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Perioden med redusert vasstand må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt.
- Plan for istandsetting etter at tiltaket er avslutta skal sendast NVE sitt regionkontor for godkjenning.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føresetjar at Vindafjord kommune har ordna tilhøva til dei privatrettslige interessa som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.


Klagetilgang

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
Trovåg Laks, 5587 VIKEBYGD